



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2022 - 19/21825

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
22.10.2019

Godkjenning - tilkopling av bustad til kommunalt avløp - GBNR 42/77, 93 Eikeland

Administrativt vedtak. Saknr: 255/2019

Tiltakshavar: Per Stian Kjendal Bjørnø
Ansvarleg søkjar: Fløysand VA AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld tilkopling av bustad på gbnr 42/77,93 Eikeland til kommunalt avlaup. Det vert elles vist til søknad motteken 11.10.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Tilkopling skjer på eigen grunn og tiltaket råka ingen andre sin interesse.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanen motteke 11.10.19.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.
Tiltaket –bustad har utslepp via slamavskiljar og skal knytast til offentleg avlaupsanlegg. Det er søkt om løyve til tilknytning til kommunalt avlaup nå.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, dagsett 11.10.19.

Ansvarlege i byggesaker innerstar for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i medhald v lov, jf. pbl § 23 - 1.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for å leggje leidningar i grunn og tilknytning av bustad på gbnr 42/77,93 til kommunalt avlaup på følgjande vilkår:

1. *Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 11.10.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.*
2. *Tiltaket skal knytast til kommunalt avlaup i samsvar med situasjonsplan motteke 11.10.19*
Tilknytninga skjer på følgjande vilkår:
 - *Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
 - *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.*
 - *Tilknytninga skal skje i kum. Rørleggjar skal ta kontakt med teknisk drift før arbeidet er satt i gang. Melding med dokumentasjon frå utførande rørleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.*
 - *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.*
 - *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2019 er tilknytingsgebyret for avlaup kr 20 000,- pluss mva.**Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.»*
Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/2022

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Erklæring om ansvarsrett

Kart

Søknad om tilkopling kommunalt vatn - GBNR 42/77, 93

Kopi til:

Per Stian Bjørnø Kjendal	Eikelandsvegen 150	5917	ROSSLAND
--------------------------	-----------------------	------	----------

Mottakarar:

Fløysand Va AS	Fløksand	5918	FREKHAUG
----------------	----------	------	----------